

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: JIÅ/ KD

Dato: 12.04.2023

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/21-23

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 06 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2021-2023

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)

Tidspunkt: Onsdag 12. april kl. 20.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 33 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste

SAK 34 21-23 Godkjenning av protokoll nr. 05 21-23

RAPPORTERING

SAK 35 21-23 Rekneskapen 2022

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 36 21-23 Vårmøte og Skikrinsting 3. juni 2023

SAK 37 21-23 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal

SAK 38 21-23 Handlingsplan 2021-2023

SAK 39 21-23 Markering Anders Fannemel

EVENTUELT

TIL STADES: Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Johnny Seljeset, Rune Pedersen, Lars Brekke, og Kennet Dvergedal (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 33 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenn innkalling og sakliste.

SAK 34 19-21

Godkjenning av protokoll nr. 05 21-23

Bakgrunn

Vedlagt er protokoll nr. 05 21-23 frå hopp- og kombinertkomiteen. Protokollen er godkjent tidlegare.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 05 21-23.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 35 21-23

Rekneskapen 2022

Bakgrunn

Rekneskapen pr. 31.12.2022 ligg vedlagt.

Nøkkeltal;

- Driftsinntekter; kr. 89 700,-
- Driftskostnader; kr. 125 287,-
- Resultat; kr. -35 587,-
- Eigenkapital HKK; kr. 104 317,-

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek rekneskapen 2022 til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 36 21-23

Vårmøte 3. juni 2023

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøte 2023 skal avviklast 3. juni i Førde i samband med Skikrinstinget 2023.

Ein har lagt til grunn følgjande rammeprogram for Skikrinstinget/ Vårmøte laurdag 3. juni:

- Kl. 09.30-12.00: Vårmøter i alpint, hopp/kombinert, og langrenn
- Kl. 12.00-13.00: Lunsj
- Kl. 13.00-16.00: Skikrinstinget 2023

Hopp- og kombinertkomiteen fastset sakliste for Vårmøte hopp/ kombinert.

Ifbm. Vårmøte 2021 la ein til grunn følgjande sakliste:

- 1) Samlingar/terminliste 2021-2022
 - Avvikling av KM 2021
- 2) Rekrutteringsarbeid i klubbane
- 3) Anlegg
 - Status og framlegg til Anleggsplan 2021-2025 SFSK
 - Gjennomføring/oppfølging av Anleggsplan 2021-2025 SFSK
- 4) Økonomi/marked
- 5) Dommarutvalet i Sogn og Fjordane Skikrins

- Orientering v/leiar
- Val av medlem

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste til Vår møte 3. juni 2023:

- 1) Evaluering sesongen 2022-2023, og plan for samlingar/terminliste 2023-2024
- 2) Rekrutteringsarbeid i klubbane
- 3) Økonomi/ marked
- 4) Anlegg
 - Status
 - Behov og prioritering

SAK 37 21-23

Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal

Bakgrunn

I samband med Skikrinstinget 2023 skal Sogn og Fjordane Skikrins dele ut Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal.

Fagkomiteane i skikrinsen kjem med framlegg på kandidatar til Skikrinsstyret som gjer endeleg innstilling.

Statuttar Bragdpokal:

Kan delast ut til den skiidrettsutøvar innan skikrinsen som, ut frå sine føresetnader, har levert den beste prestasjonen i sesongen.

Statuttar Talentpokal:

Kan delast ut til den jente og eller gut i kvar skigrein som har utmerka seg ved spesiell talentfull innsats

Statuttar Magnorpokal:

Delast ut 2. kvart år, totalt 4 pokalar.

Utøvarane bør vere i alderen 12-16 år.

NSF sin Jubileumspokal: Sjå vedlagt informasjon om bakgrunn og statuttar for pokalen.

Vedlagt også oversikt over tidlegare tildelingar.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer følgjande vedtak til framlegg av kandidatar:

Bragdpokal:

- Johannes Årdal, Jølster IL
 - Junior NM gull stor- og normalbakke 2023
 - Uttak til junior VM 2023

Talentpokal:

- Torje Seljeset, Hornindal IL

NSF sin Jubileumpokal:

- Torje Seljeset, Hornindal IL
(HKK v/ Jon Ove Lomheim lagar til grunnjevna)

SAK 38 21-23

Handlingsplan 2021-2023

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan for 2021-2023 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2021.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta Hopp- og kombinertkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen ligg vedlagt.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek opp igjen saka i neste møte.

SAK 39 21-23

Markering Anders Fannemel

Bakgrunn

I samband med at Anders Fannemel legg opp sin karriere som skihoppar bør komiteen drøfte om ein skal lage ei ekstra markering.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om at ein held ei ekstra markering for Anders i samband med Vår møte eller Haustmøte (sjekka kva som høver for Anders). Adm. følgjer opp med styreleiar om aktuell markering.

EVENTUELT

Neste møte i HKK: Tysdag 25. april kl. 20.00-21.00

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jan Inge Årdal (s)
Leiar HKK

Kennet Dvergedal (s)
Referent